SKIFORENINGEN GJØVIK OG OMEGN

# MEDLEMS *informasjon*

NR 2
2024




FORENINGEN TIL SKI-IDRETTENS FREMME
1883

# Innhold

3 ▸ Barnas skiskole
4 ▸ Vedtekter
6 ▸ Løypenytt
9 ▸ Langtur Lygna-Gjøvik
10 ▸ Jeg skvatt da det smalt!
14 ▸ Aktivitetsplan

# Styret

**LEDER**

**Nils Hesthagen**
nils.hesthagen@gmail.com
915 24 687

**STYREMEDLEM**

**Trond Kjelsrud**
trondkjelsrud@hotmail.com
984 15 998

**Øistein Schjellerud**
oistein.schjellerud@gmail.com
908 25 352

**Sigrid Schjetne**
karen.sigrid.schjetne@gmail.com
993 28 695

**Ragnhild Dunker**
ragnhild.dunker@gmail.com
917 61 113

**VARAMEDLEM**

**Knut Gulbrandsen**
kngulbra@gmail.com
918 47 276

**Rune Aamodt**
rune@laser-support.no
913 42 662

# Leder

## GODE SKIVENNER!

Kvar blir det av årets skisesong? Nå er vi godt i gang med desember og det er berre så vidt vi har sett snø – langt mindre skiføre. Dette er i stor kontrast til dei to siste sesongane da vi hadde skiføre frå slutten av november.

Derimot har det vore fine forhold for oppsetjing av skilt og karttavler. I november er det sett opp nye skilt og karttavler utover Vestre Toten. Etter omlegging av løypetraséar er det i tillegg gjort noko oppretting og supplering i Biri Øverbygd og Gjøvikmarka.

Gjøvik kommune har òg utbetra/ laga nye løypetraséar i Ålstaddalen og Øverbymarka/ Hunndalen. Vi vil sjå om dette fører til behov for nye skilt. Område som i neste omgang står for tur med nye skilt og karttavler er Vardalsåsen, eller delar av åsen.

Etter at midlane frå Sparebankstiftelsen DNB og Temafondet er brukt opp er handlingsrommet for Skiforeningen betydeleg redusert. Desse midlane har vore heilt avgjerande for arbeidet med skilt og karttavler dei siste åra. Resultatet av tiltaka for å skaffe pengar og nye medlemmar har så langt vore beskjedent.

Komande vinter planlegg vi dei same aktivitetane som Skiforeningen har hatt i mange år: skileik for småbarn (som vi tidlegare kalla skiskule), Barnas skidag og langturane Værskei – Snertingdal/ Biri og Lygna – Eina/ Gjøvik. Vi håpar vêr og føre snart kan leggje tilhøva til rette for like stor oppslutning om turane som sist vinter.

Det nye programmet for rekneskapsføring og medlemsregister fungerer fint, og det blir òg nå brukt til utsending av «Langs løypa».

Meir informasjon frå Skiforeningen blir lagt ut på facebooksida *SGO Skiforeningen Gjøvik og omegn* og på heimesida med kamera på Hagestuen *http://sgo.ski*. Føremeldingar er å finne i appen *iMarka*.

Vi ynskjer alle god jul og håpar skiføret snart vil kome!

NILS

# BARNAS SKISKOLE VINTEREN 2025 PÅ ØVERBY



Tradisjonen tro blir det skiskole denne vinteren også – håper vi!

**Når:** mandagene 3., 10. og 17. feb
3., og 10. mars kl 17.00 – 18.00

**Hvem:** barn i alderen 4 – 8 år
(nybegynnere/viderekommende)

**Påmelding:** trondkjelsrud@hotmail.com

**Pris:** kr 250 pr barn, to søsken kr 400



**Husk:**

Barnas Holmenkolldag på Gjøvik
søndag 16. mars. Deltagelse på skiskolen inkl startkontingenten.

## AKTIVITETSPLAN VINTER 2025

| | |
|---|---|
| SKILEIK: | mandag 3. feb til 10. mars (5 ganger) |
| LANGTUR: VÆRSKEI – BIRI/SNERTINGDAL: | lørdag 15. februar |
| LANGTUR: LYGNA – GJØVIK: | lørdag 8. mars |
| BARNAS SKIDAG: | søndag 16. mars |
| ÅRSMØTE på Eiktunet: | onsdag 26. mars |

# Løypenytt FRA GJØVIK



### Løypekjøring i vinter

Med en løypemaskin i Vardal og en i Biri/Snertingdal står kommunen for hovedtyngden av løypekjøringen i Gjøvik. I tillegg er det inngått en rekke avtaler om tilleggskjøring.

Hvis snøværet setter inn mot helga, snør det gjerne over hele kommunen. Da er det viktig at det er mange om prepareringsjobben. Ved snøfall i helgene kjører kommunen i Hovdebakken samt løypenettet fra Øverby med Haugsrunden og Gubberudrunden. I Biri og Snertingdal blir Stormyrrunden og Grindlirunden prioritert i helgene.

### Den nye løypemaskina

Den nye løypemaskina som ble anskaffet før fjorårets vinter i Biri/Snertingdal har fungert veldig godt og vi har fått tilrettelagt flere strekninger for både skøyting og klassisk.

## ÅRETS FORNYELSER LANGS LØYPENETTET

Vi gjør stadig utbedringer på løypenettet. Årets største endringer er:

### Vardal

- Øverbymarka og Askimhaugen: Ny trase på 3 km fra Øverby til Odnesvegen og videre oppgradering på 1,6 km over Askimhaugen til Brattsveen i Hunndalen. Med dette er «alpinbakken» ned fra Øverbylia historie.

### Slik er oversikten for vinteren 2025:

| Område | Hvem avtalen er inngått med | Omfang |
|---|---|---|
| Søndre bydel | Vind IL | Kjøring av lysløypa mellom Kopperud og Lerudåsen med løypemaskin. |
| Vardalsåsen | Breiskallen Sportsklubb | Flere scooterløyper i Skumsjøområdet, scooterpreparering av hovedløypa mellom Veset og Hunndalen om det kommer snø i helgene. |
| Vardalsåsen | Varde IL | Scooterkjøring Bybrua – Vesterås – Mustadkampen – Linnerud. Scooterpreparering av hovedløypa Stangstua – Elgsjøen - Veset ved snø i helgene. |
| Gjøvikmarka | Øvre Vardal Sportsklubb | Kjøring av hovedløypa mellom Gravåsen og Stangstua med scooter om det kommer snø i helgene. Noe kjøring gjennom Ålstaddalen i tillegg. |
| Snertingdal | Snertingdal IF, ski | Kjøring med løypemaskin fra Snertingdal skole og mot Bjønnhaugen en gang i blant. Preparering av hovedløypa Snertingdal skole – Grøterud – Tranalia – Nedsakmyra/Lundon om det kommer snø i helgene. Kjøring med løypemaskin ned til hyttefeltet ved Ringsjøen. |
| Øvre Snertingdal | Samfunnshuset Lindheim | Scooterkjøring Lindheim – Flåmyra. |
| Biriåsen | Biri IL | Scooterpreparering av hovedløypene ved Gråsteinsmyra om det kommer snø i helgene. |
| Biristrand | | Noe kjøring på Biristrand med spesialmaskin. |

- Ålstadmarka: Oppgradering av 3,5 km løypetrase med to kortere, men viktige omlegginger:
  1) Bakken ned fra Brødlausvegen er anlagt med mye slakere stigning.
  2) Løypa er lagt vekk fra vegen øst for Ålstadbrua og én farlig utforkjøring ned mot vegen er med det fjernet.

### Biri/Snertingdal

- Grindlirunden:
  Løypa er nå lagt ut i terrenget igjen fra Dahlsmarka og opp mot Redalssætra.

  Den er også lagt ut i terrenget ved Grindlia og passerer nå vollen på Grindlia igjen.

  Den er også lagt om på myrene vest for Redalssætra for å unngå farlige puller og én krevende utforkjøring.



Traseen passerer fortsatt over Redalssætra, men ikke over toppen. Med det er to krevende utforkjøringer fjernet og vi får en trygg passering av Redalssætervegen.

Arbeidet med Grindlirunden er med dette helt ferdig.

### Biri

- Nysætra - Gunhildsætra - Suren: Flere punkt på traseen har blitt breddet og utbedret.
- Traseene på Gråsteinsmyra er breddet sånn at det kan legges to spor de fleste steder.

### Snertingdal

- Stormyrrunden:
  250 meter omlegging vest for Granum gir bedre kurvatur og snøforhold.

### SOMMERVEDLIKEHOLD

Skogvesenet, ved Arvid Viberg og Bjørn Egil Nordseth, gjør hver sommer og høst en formidabel jobb med løypenettet. I år spesielt har de hogd flere av traseene som har blitt utbedret.

I alt har vi 330 km turløyper og 40 km lysløyper i Gjøvik. Skogvesenet har ansvaret for mesteparten. Oppgavene er mange og ressursene små. Idrettslagene, Skiforeningen og grunneierne er dermed viktige støttespillere for å opprettholde et godt tilbud. En stor takk til alle som bidrar!

ARNT OLUF EIDE

KOMMUNESKOG- OG FRILUFTSLIVANSVARLIG

GJØVIK KOMMUNE



# SJEKK FØREMELDING MED PREPPESTATUS

Last ned appen iMarka gratis til din mobil, eller gå til www.skiforeningen.no. God tur!

Hilsen
Løypekjørerne i Gjøvik, Toten og Land i samarbeid med Skiforeningen

GJØVIK - TOTEN - LAND

SKIFORENINGEN GJØVIK OG OMEGN

# SKIHYTTA Solbakken





**Vi har hatt ein prat om skihytta med Klaus Løkken, leder av Solbakkens venner.**

Historia startar med Gjøvik og Vardal turistforening, eller Gjøvik og Vestoppland turistforening, båe namna ser ut til å vera brukt. (Gjøvik og Vardal skiforening er òg brukt, men kanskje kan det vera ei anna foreining?) Turistforeininga vart stifta i slutten av 1920-åra (1928?). I 1934 ga i alle fall foreininga ut eit kart over stigar og skiløyper. Merking, rydding og vedlikehald av skiløyper var ei av oppgavene for foreininga. Ikkje berre det – den gongen vart ikkje skiløypene køyrt opp slik som i dag. Skiløypene vart brøytt og trakka med ski, og dette vart gjort saman med medlemer i skiklubben. Løypene gjekk frå byen over Sogstadjordet og Bergsjordet til Skistua. Og vidare Gubberudrunda med ei lang tilleggssløyfe over Bjønnhaugen til Skyberg. Det er lett å forestille seg at det kunne bli mange tunge turar med brøyting. Derfor vart det masa på kommunen om å få kjøpt inn snøscooter til løypekøyring.

Det vart stadig fleire skiløparar som brukte løypenettet i Gjøvikmarka. Foreininga såg etterkvart behovet for ei varmestove inne i marka. Frå 1949 leigde foreininga Solbjørbakken, ein plass under Solbjør. I 1954 hadde foreininga skaffa nok pengar til å kjøpe plassen, som fekk namnet Solbakken. Kjøpesummen var 5200 kroner. Tomta er på 4 mål og huset var opprinneleg på 45 $m^2$. I 1961 vart det bygd på 20 $m^2$ til kjøken og opphaldsrom, og den gamle delen vart peisestove. Samtidig vart det lagt inn vatn og straum. I andre etasje er det to soverom med til saman 8 sengeplassar og ei lita stove.

Solbakken vart teke i bruk som serveringsstad, og menyen er den same i dag som i «alle år»: kaffe, solbærtoddy, vafler, sjokolade og brus. I «gamle dagar» var Mor Monsen fast på menyen, men slik er det ikkje lenger. Toddy blir framleis servert i gamle glas med hank! Men, betalingsmåten har endra seg, nå er det vipps som gjeld. Skihytta er ope sundagar i vintersesongen frå slutten av desember til over påske.









I 1948 hadde foreininga oppe spørsmål om å slutte seg til Den Norske Turistforening, men dette vart ikkje noko av. Seinare har ikkje spørsmålet vore oppe. I 1996 skifta foreininga namn til Solbakkens venner, som er ein medlemsorganisasjon med eit styre på 8 medlemer. Det er 8 - 10 familiar som i dag fordeler helgene mellom seg og står for serveringa på Solbakken. Desse er det òg som stort sett står for vedlikehaldsarbeidet. Da blir det som oftast eit par-tre dugnadshelger om sommaren. Denne hausten vart det eit ekstra lyft, det måtte til ny vasspumpe. For 6-7 år sidan vart alle vindauga skifta ut. Dette var det mogleg å få gjort takka vera positiv interesse og sponsing frå lokalt næringsliv, og at alt arbeidet vart gjort på dugnad.

For ein liten organisasjon er det eit stort lyft å drive ein serveringsstad som Solbakken. Alle inntekter går til vedlikehald og drift. Både straum og forsikringar er betydelege utgifter som inntektene må dekke. Det heile går rundt fordi det er ein liten gjeng som stiller opp med gratis arbeid. Så da kan vi skiløparar få ein kvil og forfriskingar på litt lengre skiturar. Slik haldning og innsats varmar like godt som solbærtoddyen på Solbakken!

NILS

*Kjelder:*

*Klaus Løkken*

*Ida Holm Grindstrand*

*Lissie Norland, Oppland Arbeiderblad 1993*

# INNKALLING TIL ÅRSMØTE

## I SKIFORENINGEN GJØVIK OG OMEGN

Onsdag 26. mars på Eiktunet – kl 18:30

kl 18.30: Ordinære årsmøtesaker m/valg
kl 19.00: «Frå Baku til Vardalsåsen» - Eivind Molde

Saker må være styret i hende en uke før årsmøte.
Møtet er åpent for alle. Hjertelig velkommen.

FØREMELDINGER Gjøvik, Toten, Land: markadatabasen.no/marka

FORENINGEN TIL SKI-IDRETTENS FREMME 1883

# EIVIND MOLDE



Eivind Molde f. 1958 kjem frå Gulen i Sogn og Fjordane og har budd i Oslo sidan 1990. Han jobbar som journalist i NRK og er mest kjent som miljøreportar. Vi ser han på fjernsynet i samband med internasjonale miljø- og klimakonferanser. Seinast hadde han daglege rapportar frå klimakonferansa i Baku i november i år. Eiving Molde har fått fleire prisar for god journalistikk og godt språk. Han er forfattar og bidragsytar til Skiforeningens nettsider. Han brukar Oslomarka aktivt, både på sykkel og ski. Men, han er aktiv i eit større turområde og er ofte i vårt distrikt. Han følgjer godt med på skiløypene som vi skiltar og ikkje sjeldan har han spørsmål og kommentarar om løypenettet.

Langs løypa

# NYE SKILT OG KARTTAVLER:

BÅBERGSÆTRA I BIRIÅSEN





TOTEN








Langtur:

## LYGNA/EINA – GJØVIK

### LØRDAG 8. MARS

SKIFORENINGEN Gjøvik og omegn i samarbeid med DNT Gjøvik og omegn arrangerer LANGTUR fra Lygna/Eina til Gjøvik

Gratis buss fra Gjøvik stasjon:
Avreise kl 08.00, Hunndalen kl 08.10, Raufoss kl 08.15.

Påmelding: Rune Aamodt, tlf. 91 34 26 62
e-post: rune@laser-support.no

Frist torsdag 6. mars

Les mer om turen: gjovik.turistforeningen.no
Facebook: SGO ski

**Langturen fra Lygna til Gjøvik, i år også tilrettelagt for skitur fra Lygna til Eina!**

I år utvider vi tilbudet ved at det også blir mulig å gå på bussen på Eina. Påstigning ved Eina Grendehus, hvor det også anledning til å parkere bilen. Skituren fra Lygna til Eina er ca. 30 kilometer, går i lett terreng, unntatt stigningen opp til Glåmhaugen. Til gjengjeld er det stort sett utforbakke fra Glåmhaugen til Eina. Dette er en fin etappe som er overkommelig for de aller fleste.

FORENINGEN TIL SKI-IDRETTENS FREMME 1883




**Tid:** søndag 16. mars, kl 11 – 13
**Start:** Øverby skistadion
**Løyper:** 3 forskjellige (200, 900 og 1200 m)
**Pris:** kr. 200,- (Søskenmoderasjon: kr. 300 for 2 barn) Kun: VIPPS
Flotte premier til alle
**Arrangør: Skiforeningen Gjøvik og omegn**

**Velkommen!**



*Langtur:*

# VÆRSKEI – BIRI/ SNERTINGDAL/GJØVIK

## LØRDAG 15. FEBRUAR

SKIFORENINGEN Gjøvik og omegn i samarbeid med DNT Gjøvik og omegn arrangerer LANGTUR fra Værskei til Biri/Snertingdal

Gratis buss fra Snertingdal Auto kl. 8.00

Påmelding: John Olav Toppen, tlf. 41 58 84 96, e-post: jotoppen@gmail.com

Frist torsdag 13. februar.

Les mer om turen: gjovik.turistforeningen.no og Facebook: SGO ski



Aasbjørn Pålshaugen
Teknologivegen 5
2815 GJØVIK

NORGE P.P.
posten

**Returadresse:** Skiforeningen Gjøvik og omegn, Postboks 1178, 2806 Gjøvik

SKIFORENINGEN GJØVIK OG OMEGN

# BLI MEDLEM!

## Vil du bli medlem, eller bare støtte oss?

## SKIFORENINGEN GJØVIK OG OMEGN!

Merking av skiløypene i hele distriktet er vår hovedoppgave. Vi setter opp skilt og tavler ved parkeringsplasser og i alle løypekryss, slik at du lett finner fram.

Vi har også andre aktiviteter: Barnas skiskole for de minste, Barnas Holmenkolldag på Gjøvik, og langturene fra Lygna og Værskei.

Markadatabasen, i samarbeid med Skiforeningen i Oslo, sørger for løpende orientering om nykjørte løyper og føremeldinger i appen **iMarka**.

Skilt og tavler koster penger og vi trenger din støtte. Vi håper du setter pris på arbeidet vi gjør og vil støtte oss med å bli medlem, eller Vippse et beløp.

Medlemskontingenten er kr. 350,- for enkeltmedlem, kr. 450,- for familiemedlem og kr. 250,- for honnørmedlem.

Vipps et beløp, og noter navn for å bli nytt medlem.

Vippsnr.:
**91344**

Layout og trykk: Kobolt Printshop AS - Gjøvik